



Saksframlegg

Festeavgift for graver i Fyresdal kommune

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:

- 1 Auke av festeavgifter i 2025
- 2 Forklaring til saka om festeavgifter
- 3 Forskrift om gravplassvedtekter

Bakgrunn for saka:

Fyresdal sokneråd har i sak 33/24 gjort vedtak om å auke festeavgiftene for graver i Fyresdal kommune til kr 200,- pr. år frå og med 2025. Sidan det er Fyresdal kommune som er gravplassseigar krev dette vedtaket også godkjenning av kommunestyret, jamfør gravplassloven § 21.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; set inn strategien som står i samfunnsdelen

Festeavgift for gravplass i Fyresdal kommune vart fastsett til kr 100 pr. år av kommunestyret i 2016. Det har ikkje vore regulering av festeavgiftene etter denne tid. Legg ein til grunn prisveksten som har vore i perioden vil dette utgjere om lag 29 kroner.

Soknerådet har vedteke å auke med 100%, noko som ligg langt over den generelle prisveksten for perioden. Men om ein også legg på lønsveksten som har vore for same periode utgjør denne om lag 35%.

Løns- og prisvekst tilsaman vil då utgjør i overkant av 60% auke i denne perioden.

Med ein auke på 100% nå vil ein då ta høgde for nokre års framtidig løns- og prisvekst også.

Festeavgifta i Fyresdal kommune er låg om ein samanliknar med andre kommunar og ein kan såleis forsvare ein auk frå kr 100 til kr 200 pr. år.

Konklusjon:

Festeavgift for grav i Fyresdal kommune er låg samanlikna med andre kommunar og ein kan forsvare ein auk i denne avgifta, som har vore på same nivå sidan 2016.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune godkjenner vedtaket i Fyresdal Sokneråd om endring av festeavgift frå kr 100 til kr 200 pr. år pr. grav, frå og med 2025.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef